



TILSYNSRAPPORT-VEDTAK

Innhald

TILSYNSRAPPORT-VEDTAK	1
Tema – Tilsyn i Seim barnehage	2
Samandrag	2
Innleiing	3
Kort om barnehagen	3
Om gjennomføringa av tilsynet	3
Rettslege krav	4
§ 41.Nulltoleranse og forebyggende arbeid	4
§ 42.Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)	4
§ 9.Internkontroll i barnehagen	4
Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	5
§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid	5
§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)	8
§ 9.Internkontroll i barnehagen	12
Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	12
Vedtak	15



Tema – Tilsyn i Seim barnehage

Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø
Barnehageloven Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø trygt og godt
barnehagemiljø, og §9 internkontroll i barnehagen

Samandrag

Alver kommune fører tilsyn med Seim barnehage. Temaet for tilsynet er barnehagen sin aktivitetsplikt og barnehageeigar sitt forsvarlege system §9 , §41 og §42 i barnehageloven datert 02.11.2021

Tilsynet går ut på å kontrollere om Seim barnehage følgjer regelverket i barnehageloven med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi praksis i Seim barnehage i Alver kommune. Barnehagen er vald ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylt, og kva for konsekvensar det kan ha for barna. Denne risikovurderinga byggjer på informasjon Alver kommune har frå ulike kjelder.

Basert på vurdering av tilgjengeleg informasjon og endring i lovverket har ein vurdert risiko for brot på LOB som gjeld § 9- internkontroll i barnehagen og kapittel 8 Psykososialt barnehagemiljø. I vurdering av risiko nytta ein blant anna utfylt eigenvurdering frå styrar i barnehagen.

Tema:

Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Innsendt informasjon blei på førehand bearbeida og det blei gjennomført risikovurdering.

I møte 01.11.21 blei det gjennomført ei risikovurdering basert på tilgjengeleg informasjon. Det blei på bakgrunn av risikovurdering samt storleik og eigarform konkludert med at ein opna skiftleg tilsyn med Seim barnehage.

Status på rapporten og vegen vidare:

Barnehagen fekk din førebelse tilsynsrapporten for uttale og har uttalt seg innan fristen. På bakgrunn av uttalen frå barnehagen, har vi gjort endringar i rapporten. I tilsynet har vi funnet at de oppfyller regelverket i høve tilsynsområdet vist over, og vi avslutter tilsynet.

Status på rapporten og vegen vidare:

Denne rapporten er ein endeleg rapport med konklusjonar basert på skriftleg dokumentasjon.



Innleiing

Barnehagemynde i Alver kommune fører tilsyn med barnehagane etter barnehagelova kap.10 §53. I tilsynet kontrollerer kommunen om barnehageeigar oppfyller barnehagelova med forskrifter. Dersom barnehageeigar ikkje føl regelverket kan kommunen pålegge retting.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

Kort om barnehagen

Seim Barnehage ligg i Alver kommune. Barnehagen er ein privat barnehage. Den er eigd og vert driven av Seim barnehage SA sitt foreldreandelslag.

Barnehagen har per i dag 72 barn og ligg på Seim i Alver kommune.

Alver kommune har ikkje ført tilsyn med barnehagen tidlegare.

Om gjennomføringa av tilsynet

Alver kommune opna tilsyn med Seim barnehage i brev datert 02.11.2021. Barnehagen vart pålagt å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er: Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.

.Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Barnehagen sin plikt til å følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, jfr. §§ 41 1. ledd og 42 i barnehagelova-Dokumentasjon i form av t.d. retningsliner, rutinar, prosedyrar, malar og liknande.
2. Korleis barnehageeigar gjennom sitt forsvarlege system sikrar at aktivitetsplikta blir overheldt jfr. § 9 i barnehagelova. Dokumentasjon i form av t.d. retningsliner, rutinar, prosedyrar, malar og liknande.

Vi har ikkje sett på korleis barnehagen oppfyller andre krav i regelverket.

Formålet med tilsynet er å sikre Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø.



Rettslege krav

§ 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkingar.

Barnehagen skal forebygge tilfelle der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helse, trivsel, lek og læring.

§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på korleis barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde frå til barnehagen sin styrar om dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Styraren skal melde frå til barnehageeigar i alvorlege høve.

Ved mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saka.

Når eit barn eller foreldra seier at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saka og så langt det finst eigna tiltak, sørge for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjeld når ei undersøking som barnehagen sjølv har sett i gang, syner at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Tiltaka skal bli veljast på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering.

Barnehagen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak barnehagen har planlagt
- c) kva tid tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som skal gjennomføre tiltaka
- e) Kva tid tiltaka skal evaluerast

§ 9. Internkontroll i barnehagen

Barnehageeigar skal ha internkontroll for å sikre at krava i denne lova med forskrifter vert følgd.

Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa barnehagen sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal barnehageeier

- a) utarbeide ei beskriving av barnehagen sin hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha naudsynte rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den form og omfang som er naudsynt



e) evaluere og ved behov forbedre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Har Seim barnehage eit systematisk arbeid mot nulltoleranse og førebyggjande arbeid?

1. Sikrar barnehagen barna mot krenkelsar som vist i punkt 1?
2. Sikrar barnehagen at alle tilsette grip inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkingar?
3. Førebyggjer barnehagen tilfelle kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø for å fremje helsen, trivnaden, leiken og læringa til borna?

Observasjon

Seim barnehage har levert inn handlingsplan for eit Trygt og godt barnehagemiljø. Handlingsplanen har eit eige område 4 om Nulltoleranse for krenking og mobbing. Planen definerer mobbing og kva barnehagen skal gjere for å førebyggje. Planen skildrar omgrep som utestenging, mobbing vald diskriminering og trakassering. Den har og eit punkt om førebygging. Plana har eit handlingshjul for å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø. Modellen i planen har førebygging i sentrum og handlingshjul rundt som har punkta

1. Følgje med
2. Gripe inn
3. Varsle
4. Undersøkje

Rundt modellen ligg Dokumentasjon som eit omsluttande nivå. Planen skildrar aktivitetsplikta godt. Den skil på plikta til å «gripe inn» og «aktivitetsplikta». Planen skildrar samarbeid mellom føresette. Planen skildrar eigar sitt system for å ivareta plikta. Planen skildrar alle områda i lovverket.

Alver kommune ser at Seim barnehage har utarbeida plan som ivareteke lovkrava godt, og at barnehagen er medveten om kapittel VIII i barnehageloven. Praksisen til barnehagen har fokus på at barnehagen skal vere ein trygg og god stad for borna.

1.Sikrar barnehagen barna mot krenkelsar som vist i punkt 1?

I eigenvurderinga frå styrar står det at barnehagen arbeider med å lære opp personalet i omgrep og definisjonar for krenkingar. Barnehagen har fokus på at borna skal bli møtt og sett



i situasjonar som omhandlar krenkingar. Tilsette har i følgje styrar nulltoleranse som prioritet. I planen er fokus på omgrepet nulltoleranse tydeleggjort. Årshjulet som er vedlegg til plana inneheld tema gjennom året for korleis personalet skal få opplæring og arbeide med systematikk. Det er dokumentert og systematisert korleis lova vert ivareteken.

2. Sikrar barnehagen at alle tilsette grip inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkingar?

I eigenvurderinga frå styrar står det at barnehagen per i dag baserer seg på erfarings- og formell kompetanse hjå den einskilde tilsette. Det vert gjeve rettleiing til tilsette. Planen skildrar detaljert kva plikta til å gripe inn inneber, og at dette gjeld alle tilsette i barnehagen. Det er eit vedlegg i planen: Prosedyre ved mistanke eller avdekka forhold om at barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Den seiar at tilsette som ser hending umiddelbart skal gripe inn og stoppe åttferd.

3. Førebyggjer barnehagen tilfelle kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø for å fremje helsen, trivnaden, leiken og læringa til borna?

I handlingsplanen er førebyggjande arbeid skildra i eige kapittel. Barnehagen vil jobbe systematisk med dette gjennom heile barnehageåret. Dei vil ta i bruk pedagogiske verktøy for å sikre arbeidet. Døme på verktøy er lagd ved. Det er kartleggingsverktøy for venskap, relasjonar og liste over bøker som kan nyttast med barna. Det er vedlagd dokumentasjon på at barnehagen nyttar dette i arbeidet ved årshjul for avdelingane. Styrar skriv at barn sin trivnad og sosiale liv i barnehagen har eit stort fokus hjå dei tilsette.

Vurdering

1. Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som t.d. utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Har Seim barnehage eit systematisk arbeid mot nulltoleranse og førebyggjande arbeid?

Seim barnehage visar at dei har Handlingplan retta inn mot Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø.

Planen ivaretek alle områder i §41. Den skildrar i dei ulike kapitla områder i §41. Vedlegg visar reiskap for arbeidet. Det er og utarbeida skriftlege meldeskjema. Årshjul er detaljert og innehald planar for opplæring.

Alver kommune ser at barnehagen jobbar med §41. Barnehagen har dokumentert at arbeidet mot krenkingar er sett i system på ein måte som viser korleis det vert arbeid systematisk slik planen skildrar. Dette er og uttalt i dokument frå styrar.

2. Sikrar barnehagen at alle tilsette grip inn når eit barn i barnehagen vet utsett for slike krenkingar?

I eigenvurderinga frå styrar står det at barnehagen per i dag baserer seg på erfaring og formell kompetanse hjå den einskilde tilsette. Det vert gjeve rettleiing til tilsette. Planen skriv detaljert om kva plikta til å gripe inn inneber, og at dette gjeld alle tilsette i barnehagen. Kommunen har motteke utarbeidde rutinar i høve korleis ein konkret grip inn mot krenkingar. Det er laga prosedyre og vedlegg til planar som beskriv kva tilsette skal gjere ved mistanke eller avdekke tilhøve om at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Tilsendte dokumentasjon viser barnehagen at dei systematisk sikrar at tilsette har kjennskap om og nyttar prosedyren.



3. Førebyggjer barnehagen tilfelle kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø for å fremje helsen, trivnaden, leiken og læringa til borna?

I handlingsplanen er førebyggjande arbeid beskrive i eige kapittel. Barnehagen vil jobbe systematisk med dette gjennom heile barnehageåret. Dei vil ta i bruk pedagogiske verktøy for å sikre arbeidet. Eksempel på verktøy er vedlagd. Det er kartleggingsverktøy for venskap, relasjonar og liste over bøker som kan nyttast med barna. Barnehagen har sendt inn dokumentasjon som visar systematikk i arbeidet. Styrar skriv at barn sin trivnad og sosiale liv i barnehagen har eit stort fokus hjå dei tilsette. På grunnlag av motteke dokumentasjon og informasjon og styrar si skildring av arbeidet, er det vurdert at barnehagen tilfredsstillar lovkrava.

Oppsummering

1. Seim barnehage har handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø. Plana inneheld omgrep og avklaringar i høve nulltoleranse for krenking og mobbing. Styrar si eigenvurdering visar at dette vert arbeid med. Det er motteke dokumentasjon som visar systematikk i arbeidet.

2. Å gripe inn: Seim barnehage har i planen beskrive omgrepet «gripe inn» og laga rutine som tilsette skal nytte når eit barn vert utsett for krenkingar. Det er motteke dokumentasjon som visar systematikk i arbeidet, eksempelvis planar, prosedyrar, rutinar som dokumenterer når og korleis barnehagen arbeidar systematisk.

3. Plana har eit kapittel som omhandlar førebygging. Planen er detaljert med vedlegg som eksempel. Styrar si eigenvurdering visar at dette vert arbeid med, men vi kan ikkje sjå å ha dokumentasjon som visar systematikk i arbeidet. Vi har motteke dokumentasjon som visar systematikk i arbeidet.

Foreldresamarbeid er uttalt som ein viktig del av det førebyggjande arbeidet. Handlingshjul for å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø visualiserar korleis barnehagen skal arbeide.

Vedlegg til planen som viser årshjul for arbeidet er detaljert og systematisk beskrive i høve arbeid med opplæring av personalet i barnehagen.

I eigenvurderinga skriv styrar at tilsette i barnehagen arbeidar med å gje felles innhald til ulike omgrep og definisjonar, system og opplæring. Barn i barnehagen vert sett og møtt på behova. Vi har motteke tilsendt dokumentasjon som visar systematikk i arbeidet.

Konklusjon

§ 41. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Vi har motteke dokumentasjon på at barnehagen arbeidar med område i §41. Barnehagen har i tilstrekkeleg grad dokumentert korleis dei jobbar systematisk i arbeidet.



§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

1. Følgjer alle som arbeider i Seim barnehage med på korleis barna i barnehagen har det?

Observasjon

I dokumentasjonen frå barnehagen er aktivitetsplikta skildra. Handlingsplanen er utdjupande. Den gjev detaljert skildring av kva, og har vedlagd skjema for korleis dei observerer og kartlegg barna si trivnad.

Barnehagen har sendt inn dokumentasjon som viser korleis barnehagen sikrar systematisk at alle vaksne følgjer med på korleis barnehagen har det. Årshjulet viser plan for barnehagen sitt arbeid. Styrar skriv i eigenvurdering at barnehagen har stort fokus på barns trivnad og sosiale liv i barnehagen.

I eigenvurderinga skriv styrar:

-At barnehagen gjenkjenner teikn på at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette vert grunngeve i at barn sin trivnad og sosiale liv i barnehagen har eit stort fokus hjå dei tilsette. Barnehagen følgjer med spesielt på sårbare barn.

Barnehagen henter inn informasjon frå barna om korleis dei opplever barnehagemiljøet. Dei har ikkje systematiske barnesamtaler med alle barna. Dei vaksne innhentar indirekte informasjon gjennom eigne observasjonar barna og ved tilbakemelding frå føresette.

-Barnehagen opplyser at den tek utgangspunkt i barnet sine ytringar og tek dei på alvor. Vaksne sine observasjonar må fange opp både det som skjer, og barnet sine reaksjonar på dette.

-Dokumentasjon av «å følgje med» vert drøfta på ressursteam på avdelingsmøter og følgt opp vidare. Vi har motteke tilsendt dokumentasjon som visar systematikk i arbeidet.

Vurdering

For å kunne avdekke fullt ut korleis borna i barnehagen har det, er det naudsynt å ha systematikk i arbeidet. Seim barnehage har sendt inn dokumentasjon som viser mykje godt arbeid i barnehagen. Barnehagen har laga handlingsplan med vedlegg som omhandlar tema i høve aktivitetsplikta. I eigenvurdering til styrar vert arbeidet skildra. Barnehagen har skildra praksis for å sikre at barna har det trygt og godt i barnehagemiljøet. Barnehagen skriv og at barnet og føresette sitt perspektiv vert høyrd.

Barnehagen har sendt inn dokumentasjon som visar systematikk i arbeidet: planar, prosedyrar, rutinar eller døme på reiskap som vert nytta. Det er dokumenterer når og korleis barnehagen sikrar arbeidet etter loven.

1. Vi har motteke tilsendt dokumentasjon som visar systematikk i arbeidet, eksempelvis planar, prosedyrar, rutinar som dokumenterer når og korleis barnehagen sikrar at alle tilsette følgjer med, korleis dei gjer det, og at barnehagen sikrar at alle barn vert følgt opp systematisk.



Konklusjon

Seim barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei har system som visar systematikk i arbeidet.

Seim barnehage i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei sikrar at alle som jobbar i barnehagen følgjer med på korleis barna vert sikra eit trygt og godt barnehagemiljø.

2.a) Melder alle som arbeider i barnehagen frå til barnehagen sin styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

b) Melder styrar frå til barnehageeigaren i alvorlege tilfelle?

Observasjon

a) I dokumentasjonen (handlingsplan med vedlegg, og eigenvurdering frå styrar) frå barnehagen er aktivitetsplikta skildra.

I handlingsplanen står det at tilsette skal varsle styrar og at ein skal nytte vedlagd prosedyre som viser til meldeskjema som tilsette skal nytte. Det er sendt inn dokumentasjon som viser rutinar for varsling og at barnehagen jobbar med systematikk og opplæring av områda i høve omgrep mistanke og kjennskap.

b) I handlingsplanen står det at styrar skal melde frå til eigar- styreleiar/ styret i barnehagen. I eigenvurderinga står det at det ikkje har vore varsla om alvorlege tilfelle. Tilsendt dokumentasjon viser at rutinar er på plass.

Vurdering

a og b: For at barnehagen skal kunne oppfylle lovkravet både i høve tilsette og styrar, lyt ein ha eit systematisk arbeid og dokumentasjon på at dette er praksis. Seim barnehage viser at dei har praksis på at sakar vert drøfta med styrar og at styrar er medviten om at eigar skal varslast i alvorlege tilfelle.

Barnehagen opplyser at dei ikkje har hatt slik melding enno, og har difor ikkje dokumentasjon på tema.

På bakgrunn av tilsendt informasjon vurderer vi at barnehagen i tilstrekkeleg grad har dokumentert tilfredstillande systematikk i arbeidet, eksempelvis planar, prosedyrar, rutinar som dokumenterer når og korleis barnehagen skal sikre at meldingar vert gjort.

Konklusjon

Seim barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei har naudsynte rutinar og prosedyrar for å sikre at alle som arbeider i barnehagen, meldar frå til barnehagens styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Seim barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei sikrar at styrar melder frå til barnehageeigaren i alvorlege tilfelle.



3. Undersøker barnehagen snarast sak ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

Observasjon

I dokumentasjonen frå barnehagen er aktivitetsplikta skildra.

I handlingsplanen er det skildra at tilsette skal undersøke saka så raskt som mogeleg. Det er vist til meldeskjema og tema for observasjonar og kartleggingar. Det skal vere samtaler med barna som er involvert. Barnehagen skal analysere og lage utkast til aktivitetsplan.

I planen er målsettinga at barna skal ha ein god barndom, vere eit forpliktande verktøy for tilsette og føre til felles forståing og arbeide for barn sin trivnad og læring i barnehagen. Det er motteke dokumentasjon på systematisk arbeid i form av prosedyre.

Vurdering

For at barnehagen skal kunne samhandla og følgje opp lovkrav både i høve tilsette og styrar, lyt ein ha eit systematisk arbeid og dokumentasjon på at dette er praksis. Seim barnehage viser at dei har laga handlingsplan med tydeleg skildring av tema og prosedyre med meldeskjema. Styrar opplyser at de ikkje har erfaring med å melde sakar. Barnehagen har, slik vi ser det praksis, system som kan verte nytta. Tilsendt dokumentasjon viser i tilrekkeleg grad at barnehagen har system som sikrar at barnehagen har rutinar som sikrar at dei snarast undersøker sak ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Konklusjon

Seim barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei sikrar at alle som arbeider i barnehagen, undersøker saken snarast.

4. Undersøker Seim barnehage meldingar frå føresette om at barnet deira ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

Observasjon

a) Undersøker barnehagen saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørger dei for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø?

b) Gjer barnehagen det same når det gjeld ein undersøking som barnehagen sjølv har satt i gang som ser at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?

a og b: I planen barnehagen har sendt inn står det at barnehagen har ei plikt til å undersøkje alle saker som tilsette har varsla styrar om ved mistanke om eller kjennskap til at eit eller fleire barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Den same plikta til å undersøkje gjeld og når barnet sjølv eller foreldre seier ifrå om det same.

I planen som barnehagen har sendt inn, står det at føresette alltid skal bli tatt på alvor i si bekymring eller mistanke.

Vi har motteke tilsendt dokumentasjon som visar at barnehagen har rutinar og systematikk som sikrar punkt a og b.

c) Vert tiltak valgt på grunnlag av en konkret og fagleg vurdering?



I planen står det at barnehagen skal setje inn tiltak ut frå fagleg vurdering. Barnet sitt beste skal vere ei grunnleggande rettesnor i arbeidet.

Plikta til å undersøkje inneber:

- å få fram fakta om ein situasjon
- å undersøkje kva som ligg bak barnet eller barna si oppleving (kva har skjedd)
- å få innsikt i korleis barnet/barna opplever barnehagekvardagen sin og kva forhold i barnet sine omgjevnader som påverkar barnet si oppleving.

Barnehagen har sendt inn rutinar, og oversikt på systematisk arbeid.

Vurdering

Seim barnehage skildrar i planen korleis dei skal arbeide for å undersøke meldingar frå føresette og skildrar plikta barnehagen har til dette, både for føresette og i høve barnehagen si eiga melding. For å kunne undersøke meldingar frå føresette om at barnet deira ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø lyt barnehagen ha eit system som skildrar og dokumenterer dette. Alver kommune har motteke dokumentasjon på rutinar og prosedyrar i høve dette. Styrar skriv i eigenvurderinga at barnehagen er aktiv til å undersøkje nærare og setje inn tiltak. Barnehagen er medveten om å arbeide med meldingar, undersøke og velje tiltak. Vi ser at barnehagen har kunnskap om, og praksis som viser forståing for lovkrava. På grunnlag av opplysningane vil vi konkludere at Seim barnehage stettar lovkravet.

Konklusjon

Seim barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei har tilfredstillande system for å sikre oppfølging av meldingar frå føresette.

På grunnlag av informasjon, observasjon og drøffing over gjeld og konklusjonen spørsmåla under:

- a) Undersøker barnehagen saken og så langt det finnst egna tiltak, sørger den for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø?
- b) Gjer barnehagen det same når det gjeld ein undersøking som barnehagen sjølv har satt i gang som ser at et barn ikkje har et trygt og godt barnehagemiljø?
- c) Vert tiltak valt på grunnlag av en konkret og fagleg vurdering?

Konklusjon:

a) b) c) Barnehagen har sendt inn dokumentasjon som visar systematikk i arbeidet. Dette er Planar, prosedyrar, rutinar som konkluderer vi at Seim barnehage har tilfredstillande system for å sikre meldingar frå føresette.

5. Barnehagen skal lage en skrifleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak barnehagen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som skal gjennomføre tiltaka



e) når tiltaka skal evaluerast.

Observasjon:

I planen for eit trygt og godt barnehagemiljø skriv barnehagen om skriftleg plan i høve §42. Punkta a-e (sjå over) er lista opp som innhald i planen. Der er og greia ut at planen skal fungere som støtte for barnehage og føresette. Planen skal dokumentere kva barnehagen har bestemt at dei skal gjere i ei sak, og såleis tryggje føresette at barnehagen arbeidar forpliktande med å hjelpe barnet. Det er lagd ved Aktivitetsplan. Seim barnehage har skriftleg plan når det skal gjerast tiltak.

Vurdering

Seim barnehage viser i planen for eit trygt og godt barnehagemiljø at dei har eige område som skildrar og er medvete at det skal utarbeidast skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ein sak. Punkta som skal vera med i planen er og lista opp. Vi konkluderer at malen for slik plan som er lagd som vedlegg inneheld dei 5 punkta det er krav om. Vi konkluderer at Seim barnehage har utforma plan som inneheld dei 5 punkta som loven krever.

Konklusjon

Seim barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at barnehagen sin mal for skriftleg plan for tiltak i konkrete saker stettar lovkrava til ein slik plan.

§ 9. Internkontroll i barnehagen

Barnehageigar skal ha internkontroll for å sikre at krava i denne lova med forskrifter vert følgd.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpassa barnehagen sin størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal barnehageeigar

- a) utarbeide ei beskriving av barnehagen sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumenterer internkontrollen i den form og det omfang som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlege prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Vi har sett på lovkrav i høve internkontroll og §§41,42 i dette tilsynet.



a)

Utarbeider barnehagen ei beskriving av barnehagen sine hovudoppgåver, mål og organisering?

Observasjon

Seim barnehage har sendt inn HMS Årshjul for styret i Seim barnehage, samt Handlingplan for eit trygt og godt barnehagemiljø.

HMS årshjulet har fleire områder og ein sirkel i midten der det står om barnehagen si aktivitetsplikt og delplikter samt tilsette sitt arbeidsmiljø. Handlingplanen for eit trygt og godt barnehagemiljø har mange tema og delar.

Den omhandlar «Barns rett til eit trygt og godt barnehagemiljø.»

«Tittel er: «Gjere kvarandre gode»

Planen har 5 delar og 11 vedlegg. Planen skildrar barnehagane sine hovudoppgåver mål og organisering for :

- Barnehagen sine oppgåver
- Barnehagen sitt verdigrunnlag

Vidare er ein rekke punkt som beskriv organiseringa:

- Formål og innhald
- Omgrep og avklaringar
- Kjenneteikn på eit trygt og godt barnehagemiljø
- Krenking
- Måbbeåtferd i barnehagen
- Ulike formar for mobbeåtferd
- Mobbing/ erting/ konflikt
- Vaksne som kan krenke/ mobbe barn
- Nulltoleranse for krenking og mobbing
- Foreldresamarbeid
- Handlingshjul for å sikre eit godt og trygt barnehagemiljø
- Organisering
- 1.Førebyggje-
- Beskriv korleis barnehagen skal arbeide for å førebyggje
- Aktivitetsplikt

Barnehagen har sendt inn dokumentasjon på at dei har Barn-nett sitt HMS system.

Hovedoppgåver, mål og organisering er beskriver.

Barnehagen har sendt inn organisasjonskart

I dette HMS systemet kan tilsette melde inn avvik. I systemet er det 4 ulike risikovurderingar som er knytt opp mot barna sitt psykososiale miljø.

Desse er: Organisering, Kunnskap og haldningar, Foreldresamarbeid, Mobbing og krenkande åtferd.

Alle tilsette har fått opplæring i bruk at Barn-nett appen. Eksempel av risikovurdering av psykososialt miljø er lagd ved. Avdelingane/ tilsette har hatt rutine for gjennomgang ein gang i året.

Rutina ligg i årshjulet. Rutina er no evaluert, og barnehagen sine tilsette vil dette året verte nytta kvar 2 månad.



Vurdering

Seim barnehage har sendt inn dokumentasjon på HMS-internkontrollsystem. Vi vurderer at tilsendt dokumentasjon inneheld tema som er viktige i høve krav om internkontrollsystem.

Konklusjon

Seim barnehage har i tilstrekkeleg grad dokument eit internkontrollsystem som visar systematikk i arbeidet i høve § 9, §41 og §42 i barnehageloven.

B) Har Seim barnehage naudsynte rutinar og prosedyrar?

Observasjon

Seim barnehage har sendt inn dokumentasjon i høve at dei har internkontrollsystem med rutinar og prosedyrar og årshjul for arbeid med eit trygt og godt barnehagemiljø. Det er lagd ved sjekklister for barnehagen sitt psykososiale miljø og kartlegging av risikoutsette/ sårbare barn, rutine for barnesamtale, observasjonsskjema kalla «Bussen». Skjema for kartlegging av tilsette sine relasjonar med barna. Prosedyre v/ mistanke eller avdekka forholdom at barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, døme på mal meldeskjema og aktivitetsplan, referatmal frå møter ang mobbeåtferd/ krenkande åtferd i barnehagen.

Vurdering

For å kunne ha eit tilrekeleg internkontrollsystem for å sikre lovkrav og systematikk er det naudsynt å ha skildringar, rutinar og prosedyrar. Barnehagen har sendt inn dokumentasjon på internkontrollsystem. Vi vurderer at barnehagen har tilrekeleg systematisk arbeid som har samanheng og sikrar internkontrollkrava.

Konklusjon

Vi konkluderer at Seim barnehage har naudsynte rutinar og prosedyrar for arbeidet.

c) Avdekker internkontrollen avvik og risiko for avvik og følgjer barnehagen denne opp?

Observasjon

Barnehagen har som vist over, sendt inn dokumentasjon på internkontrollsystem. Denne viser systematikk for å avdekke risiko i høve barna sitt psykososiale miljø i barnehagen. Det vert og beskrive korleis ein skal gå fram for å følgje opp risikovurderingane.

Vurdering

For å kunne ha eit tilrekeleg internkontrollsystem for å sikre lovkrav og systematikk er det naudsynt å skildre desse t.d i rutinar og prosedyrar. Seim barnehage har sendt inn dokumentasjon på internkontrollsystem.

Vi vurderer at dette stettar systematisk arbeid som har samanheng og sikrar internkontrollkrava.



Konklusjon

Seim barnehage har i tilstrekkeleg grad dokumentert at dei har eit internkontroll som i tilreккеleg gradavdekker avvik og risiko i den form og omfang internkontrollsystem etter §9 seier.

d) Dokumenterer internkontrollen i den form og det omfang som er naudsynt?

Observasjon

Seim barnehage har sendt inn dokumentasjon som vist til over

Vurdering

Seim barnehage dokumenterer internkontrollen i den form og omfang som er naudsynt.

Konklusjon

Seim barnehage dokumenterer internkontrollen i den formen og det omfanget som er naudsynt.

e) Evaluerer og ved behov forbetrar Seim barnehage skriftlege prosedyrar og andre tiltak?

Observasjon

I tilsendt informasjon er skildra om og korleis Seim barnehage evaluerer og forbetrar skriftlege prosedyrar og andre tiltak.

Vurdering

For å kunne verte medveten om arbeidet i barnehagen lyt evaluering vere del av planane og synleggjerast i internkontrollsystemet. Vi vurderer at Seim barnehage har dette.

Konklusjon

Seimbarnehage har dokumentert at dei evaluerer og forbetrar skriftlege prosedyrar og andre tiltak.

Vedtak

Tilsynet har avdekkat at Seim barnehage har dokumentert at dei etterlever regelverket som er undersøkt i §9 og §§41 og 42 i barnehagelova.

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova.

mvh

Mette Marei Træland

tilsynsleiar